

Statsråd Oddmund Hoels videohelsing til tryggings- og beredskapskonferansen, 14. november 2024

– Innleiing–

Kjære alle saman,

Tusen takk for invitasjonen! Eg skulle verkeleg ønske at eg hadde høve til å vere til stade i Stavanger saman med dykk i dag. Men sidan det ikkje er slik, er eg glad for at de er så rause at de tek imot ein videohelsing i staden.

Eg må starte med å seie at Universitetet i Stavanger er ein god plass å arrangere årets konferanse. Universitetet er godt kjent

for det gode fagmiljøet innan samfunnstryggleik og er dessutan sekretariat for Beredskapsrådet. Eg vil rette ein stor takk til Beredskapsrådet for arbeidet med organiseringa av denne viktige konferansen!

I fjor snakka departementsråd Dag Thomas Gisholt om ein tryggingssituasjon i stadig utvikling.

Eit år etter kan vi ikkje sjå nokon teikn til betring i situasjonen – tvert imot er den tryggingspolitiske situasjonen i verda meir spent enn på lenge.

Det har sjølvsagt stor påverknad på oss i Noreg, ikkje minst kunnskapssektoren.

Det påverkar oss på mange måtar – i alt frå kva land vi kan samarbeide med, kva vi kan samarbeide om, men også kor vi må ha auka merksemd.

PST heva nyleg terrortrusselnivået i Noreg frå moderat til høg, særleg for jødiske og israelske mål. Dette er noko som også sektoren vår må ta innover seg, gitt alle barnehagebarna,

elevane, studentane, forskarane og tilsette som vi har ansvar for kvar dag.

Sektoren opplever i tillegg auka pågang av cyberhendingar.

Desse utviklingane aukar presset på tryggingsarbeidet, og viktigheita av å vite kva vi har av verdiar som må beskyttast. Og som de veit, så krev det også å måtte prioritere ressursar der risikoen er høgast. Vi kan ikkje fjerne risikoen, men vi kan redusere han.

I år er det samfunnstryggleik som er hovudtema for konferansen. Det er både viktig og bra. Dei siste åra har kunnskapssektoren hatt meir enn nok å henge med på når det kjem til den raske utviklinga innanfor nasjonal tryggleik. Men tryggleik for denne sektoren handlar om meir enn nasjonale grensar og internasjonal maktkamp.

Det handlar om å ivareta tryggleiken i det daglege for alle menneska vi har ansvar for i denne sektoren.

Derfor vil også eg konsentrere meg om samfunnstryggleik og informasjonstryggleik her i dag.

– Samfunnstryggleik –

Først – samfunnstryggleik.

Under pandemien fekk vi klargjort kor viktig skulen og dei tilsette er for å halda resten av samfunnet i gang. Ved at ein del av personalet vart definerte som samfunnsviktige og dermed

kunne møte fysisk på jobb, vart det mogleg for arbeidstakarar med små barn innan kritiske samfunnsfunksjonar å vareta jobbane sine. Dette bidrog til å holda hjula i gang! Dette er samfunnstryggleik!

Vi som i etterkrigstida ikkje tidlegare hadde vore i ei så langvarig krise som pandemien vart, fekk også klargjort koriktig tilgang til det fellesskapet, rutinane og sjølvsagt også læringa som skulen gir er. Ikkje minst i ein krisesituasjon. Vi såg korleis stengde institusjonar særleg gjekk utover utsette barn og unge. Det same er tilfellet for studentane rundt om i landet. Mange rapporterte om auka einsemd og meir misnøye.

Vi viser ofte til pandemien.

Det er rett og slett fordi han lærte oss veldig mykje som vi tek med oss i det vidare arbeidet med beredskap og krisehandtering. Regjeringa vurderer mellom anna tiltak for å sikre at barn og unge i ei framtidig krise blir mindre ramma enn sist.

Og vi jobbar med andre problemstillingar som kan bety noko i ein framtidig pandemi – men også i andre typar kriser.

Regjeringa er no i sluttfasen i arbeidet med stortingsmeldinga om totalberedskap, der hovudtema er sivil motstandskraft.

Dette er viktig for å stå imot den samansette verkemiddelbruken som vi som samfunn kan bli utsett for. Desinformasjon, fordekte investeringar, korrupsjon, påverking av val, økt etterretning, sabotasje og digitale angrep er døme på dette.

Regjeringa jobbar mellom anna med ein strategi for å styrke motstandskrafta mot desinformasjon. Dette er eit viktig arbeid i kampen mot spreiing av villeiande og feilaktig informasjon som kan bidra til å undergrave tilliten og den opplyste samtalen.

Tiltak mot desinformasjon er spesielt viktig blant skuleungdom, men også studentar.

Den komande stortingsmeldinga om ekstremisme er eit anna viktig arbeid, som har betydning for kunnskapssektoren.

Kunnskapssektoren har eit særskilt ansvar i det førebyggande arbeidet på dette feltet. Det har mellom anna blitt utarbeidt ei tiltaksliste for sektoren som kan leggast til grunn i det førebyggande arbeidet mot radikalisering.

Arbeidet med klimatilpassing er også viktig å nemne. Tidlegare i år kom regjeringa med ein melding om nettopp dette, med utgangspunkt i arbeidet med flaum og skred.

Kunnskapssektoren blir ein del av oppfølginga, ikkje minst gjennom å sikre kunnskap og kompetanse om temaet.

Kollegaen min Anja vil snakke meir om arbeidet med dei ulike meldingane seinare i programmet her i dag.

Vi høyrer forresten på tilbakemeldingane dykkar. De har påpeikt at det er mange aktørar som kartlegg og kontrollerer tryggingsarbeidet i sektoren. Vi jobbar derfor no med å flytte kontrolloppgåva innan tryggleik og beredskap frå NOKUT til HK-dir, for å redusera rapporteringsmengda. Dette vil bidra til å sjå kartlegginga og kontrollen i samanheng. Det kjem etter kvart meir info om når det er formelt vedteke.

– Hendingar –

Sektoren driv med eit breitt spekter av aktivitetar, og dette aukar risikoen for at det kan skje alvorlege hendingar. Det har vore nokre tilfelle av alvorlege hendingar rundt om i sektoren også i år. Ein må ta omsyn til mange ulike typar risiko, basert på aktivitetane ein driv med. Dette er risiko vi ikkje kjem utanom, når ein er mange samla og har eit høgt aktivitetsnivå.

Det er viktig at vi lærer av desse hendingane og set inn tiltak der det er nødvendig, slik at det ikkje gjentek seg.

Vi må også dele erfaringane våre med andre verksemder, slik at dei ikkje må gjennom det same.

Vi skal ikkje slutta å drive med samfunnsoppdraget vårt – vi skal utdanne og forske – men vi må sikre at studentane og dei tilsette er trygge medan dei er i våre hender.

– Informasjonstryggleik og personvern –

Så til informasjonstryggleik og personvern. Dette er øg heilt sentrale tema i kunnskapssektoren, som det er avgjerande at vi jobbar godt med.

Vi veit at sektoren har jobba godt med informasjonstryggleik og personvern over tid, noko dei årlege kartleggingane til HK-dir viser. Det er framgang i etterlevinga av krav og tiltaksaktiviteten er høg.

Samtidig har vi i år fått eit blikk på situasjonen i sektoren utanfrå. Riksrevisjonen la i januar fram undersøkinga si av informasjonstryggleik i forsking innanfor kunnskapssektoren.

Undersøkinga viste at forskingsdata i forskingsverksemndene under Kunnskapsdepartementet ikkje i tilstrekkeleg grad er sikra mot dataangrep. Det manglar også god nok oversikt over kva data som må beskyttast, og sektortiltak treffer ikkje dei verksemndene som har mest behov for støtte godt nok.

KD har jobba tett med HK-dir og Sikt i oppfølginga av rapporten og forventar at verksemndene bruker rapporten i arbeidet sitt med informasjonstryggleik. Vi kjem tilbake til oppfølginga av rapporten i sektormøtet om tryggleik i desember.

Vi veit at sektoren vår er utsett for digitale angrep, og dette er noko vi må ta på alvor. HK-dir fann i den årlege kartlegginga si for 2024 at det var ein nedgang i talet på registrerte informasjonstryggleikshendingar. Det er bra og tyder på at vi gjer mykje rett.

Like fullt ser vi at det framleis er høg aktivitet. Det blir jamleg avdekt forsøk på å utnytte sårbarheiter i dei digitale systema, og lure til seg informasjon frå tilsette og studentar for å få kontroll over brukarkontoar.

– Avrunding –

Kjære alle saman,

Det er store tema vi snakkar om her i dag og eg skulle gjerne hatt enda meir tid – ikkje minst til å snakke om nasjonal tryggleik. Her har vi i regjeringa og i Kunnskapsdepartementet mange viktige prosjekt på gong, og dette får vi heldigvis mykje tid til å snakke om når vi skal møtast til det årlege sektormøtet om tryggleik i Kunnskapsdepartementet i desember. Det ser eg fram til. Men først vil eg ønske dykk lykke til med denne konferansen – og eg ser fram til det vidare samarbeidet.

Takk for meg!

